



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Barn sin medverknad i barnevernet

Childrens participation in child welfare

Kandidatnummer 205

Bachelor i Barnevern

Fakultet for helse- og sosialvitskap

Institutt for velferd og deltaking

15.05.23

Antall ord: 7910

Abstract

The purpose of this paper is to find how to facilitate childrens participation in child welfare. To answer this question, I have used a literary review. During my literary review I searched for information that could answer my question. The result of my research was four articles and one book chapter that I have discussed in my paper together with theoretical perspectives. It became clear that to faciliate childrens participation in child welfare is very important but complex work. I have presented and discussed a few different factors that I consider relevant and important when facilitating childrens participation in child welfare.

Innhaldsliste

1.0 Innleiing.....	5
1.1 Begrunnung for val av tema.....	5
1.2 Relevans for fag og yrke.....	5
1.3 Førforståing.....	5
1.4 Val av problemstilling.....	6
1.5 Omgrevpsavklaring.....	6
1.6 Oppgåva sin disposisjon.....	7
2.0 Teori.....	7
2.1 Det juridiske grunnlaget for medverknad.....	7
2.2 Kommunikasjonsteori.....	8
2.2.1 Sirkulær modell.....	8
2.2.2. Transaksjonsmodellen.....	9
2.2.3 Relasjon.....	9
2.3 Samtale med barn.....	10
2.3.1 Undersøkjande samtalar.....	11
2.3.2 Støttesamtalar.....	11
2.3.3 Veiledningssamtalar.....	12
2.4 Anerkjenningsteori.....	12
3.0 Metode.....	13
3.1 Min søkeprosess.....	13
3.2 Utval og kritisk vurdering.....	14
3.3 Begrunnung for val av artiklar.....	14
3.4 Analyse av resultat.....	15
3.5 Resultat.....	17
3.5.1 Artikkkel 1.....	17
3.5.2 Artikkkel 2.....	17
3.5.3 Artikkkel 3.....	17
3.5.4 Artikkkel 4.....	18
3.5.5 Forandringsfabrikken.....	18
4.0 Drøfting av funn.....	18
4.1 Viktigkeit av trygge og gode relasjoner.....	18
4.2 Kompetanse i barnevernet.....	21

4.3 Kommunikasjon i samtale med barn.....	22
4.4 Kva seier barna?	23
5.0 Avslutning.....	25
6.0 Litteraturliste.....	26
Vedlegg 1.....	28

1.0 Innleiing

1.1 Begrunning for val av tema

Tema for bacheloroppgåva er barn sin medverknad i barnevernet. Min eigen praksisperiode i ei barnevernteneste har prega val av tema og problemstilling, då eg etter praksis satt igjen med eit inntrykk av at barnet si stemme ikkje alltid vart tillagt like mykje vekt. I mange tilfelle verka det som at det at dei vaksne snakkar saman vert sett på som ei enklare løysing enn å involvere barnet i samtalens. Eg fekk inntrykk av at å snakke med foreldre eller andre instansar rundt barnet, ofte vart høgare prioritert enn å snakke med barnet, og dei samtalane ein hadde med barna var ofte svært korte. Denne erfaringa vekka mi interesse for tema medverknad, då eg ser på barn sin medverknad som viktig og heilt fundamentalt i arbeid med barn. Ein veit at barns medverknad skal ha fokus innan barnevernet, og Barnevernlova er tydeleg på at barna skal verte lytta til og at meiningane deira skal vektleggjast (Bvl, 2021, §1-4).

1.2 Relevans for fag og yrke

Barnevernet er ein samfunnsinstitusjon som har i oppgåve å verne om barn. Barnevernet skal bidra til at barn og unge har trygge oppvekstvilkår, og at barn som lev under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Korleis tenesta skal utførast og forståast vert problematisert og regulert gjennom mellom anna offentlege dokument. Barnevernlova er det styrande og forpliktande dokumentet for barnevernet (Ask og Eide, 2018, s. 16). Medverknad er eit sentralt omgrep innanfor barnevernet, og slik eg ser det dermed viktig å ha kunnskap om. Då barnevernet si oppgåve er å verne om barna, kan ein tenkje det vil vere naturleg å inkludere barna i val som vil påverke liva deira. Å la barna få uttrykke seg og kome med sine synspunkt og meiningar, er slik eg ser det nødvendig for at ein skal kunne ta gode avgjersler i dette yrket.

1.3 Førforståing

Vi lærde tidleg i utdanningsløpet at barn sin medverknad er svært viktig innanfor barnevernsarbeidet, og at dette er eit av grunnprinsippa innan barnevern. Eg gjekk inn i min praksisperiode med ei forventning om at dette var noko som ville ha stor plass ute i praksisfeltet også, men fekk raskt eit inntrykk av at å inkludere barna i like stor grad som ein burde, ikkje alltid vert like høgt prioritert. For meg kunne det verke som at skilje mellom å sjå ting frå barneperspektivet og barnet sitt perspektiv vert gløymd i mange tilfelle. Eg fekk eit

inntrykk av at det vart lett å tenkje at dersom dei vaksne diskuterte utifrå barneperspektivet, vart dette det same som barnet sitt perspektiv.

1.4 Val av problemstilling

Mi problemstilling lyd slik: «**Korleis kan barnevernet leggje til rette for medverknad for barn dei er i kontakt med**».

I utviklinga av problemstillinga gjorde eg vurderingar på om eg skulle avgrense alderen på barna, og kun gå utifrå barn i ein viss alder. Denne vurderinga gjorde eg på bakgrunn av at eg er bevisst på at korleis ein legg til rette for medverknad, vil måtte tilpassast utifrå alderen på det enkelte barn. Barnevernet har kontakt med barn og ungdom frå 0-25 år, og det er dermed ein stor skilnad på barna og kva dei forstår. Ein vil kommunisere annleis og ha ulike tilnærmingar til eit barn på 4 år enn ein ungdom på 16 år. Eg har likevel valgt å ikkje gjere ei slik avgrensing, då eg ynskjer å ha blikket på det generelle.

1.5 Omgrepssavklaring

Medverknad

Omgrepet medverknad er sentralt innan barnevernet. Ulike forskrarar vektlegg ulike sider ved medverknadsomgrepet. Ei av tilnærmingane ser medverknad som ein rettigheit, då gjerne i forbinding med avgjersler. Eit barn kan medverke i ulik grad når ei avgjersle skal takast, barnevernlova set eit minstekrav. Ei anna tilnærming går ut på å sjå medverknad som ein prosess. Ei avgjersle er ein prosess beståande av fleire steg, og barnet kan medverke i ulik grad undervegs i prosessen. Innhaldet i medverknadsomgrepet er ikkje endeleg fastsatt, men ein seier det vert påverka frå fleire hald og er på den måten i bevegelse. Her er det auka vektlegging på at barna skal medverke i alle forhold som berørar barnet, ikkje berre i avgjersler. Ein kan sjå på to ulike forhold for medverknad- medverknad gjennom kroppslege uttrykk og medverknad til problemutforming. Medverknad gjennom kroppslege uttrykk handlar om at barnet kan ha ein verknad på andre gjennom det kroppslege uttrykket, og på denne måten kan det medverke også før ord er sagt. Medverknad til problemutforming vil seie at barnet vert gjeve moglegheita til å medverke til korleis situasjonen og problemet skal verte forstått. Ein kan seie at medverknad kan vere ein del av all kontakt barnet har med barnevernet (Schrøder, 2018, s. 95-96).

Barneperspektiv og barn sitt perspektiv

Barneperspektivet og barnet sitt perspektiv er omgrep som må verte forstått og tolka i sin eigen kontekst for å gje meiningsinnhaldet i omgrepa til ei kvar tid verte prega av den enkelte fagperson eller vaksne si forståing, erfaringar og tolkingar av omgrepa. For å skilje dei to omgrepa handlar *barneperspektivet* om å ta for seg barnet sin ståstad gjennom fagpersonar eller vaksne sin kunnskap om barn og/eller fortolkingar av barn si livsverd. Barneperspektivet kan vere eit uttrykk for den vaksne si innleving i barn sine opplevings- og erfaringsverd, eller samfunnet sine generelle verdinorma knytt til barn og unge sine livsvilkår (Brottveit, 2022).

Ved *barnet sitt eige perspektiv* vert det peika direkte på barnet si forståing, då det er barnet sjølv som er informant og kunnskapskjelde. I saker der ein vil belyse barnet sitt eige perspektiv, vert det viktig at barnet vert sett og høyrd og får moglegheit til å formidle si eiga verkelegheitsoppfatning. Dette då barnet si oppleving av ein situasjon kan vere svært annleis frå fagpersonen sine vurderingar og tolkingar (Brottveit, 2022).

1.6 Opgåva sin disposisjon

For å svare på problemstillinga mi, vil oppgåva vidare innehalde ein teoridel, ein metodedel, ein del beståande av mine funn, ein drøftedel og til slutt ei avslutning. Teoridelen vil bestå av relevant teori for oppgåva mi, i tillegg til forklaring av ulike omgrep eg vil nytte i drøftedelen. Eg har valgt å bruke litteraturstudie som metode i oppgåva. Metodelen vil dermed bestå av informasjon om litteraturstudie, korleis eg har utført mine litteratursøk, begrunning for val av artiklar og kritisk vurdering av artiklane. Vidare vil eg presentere mine resultat. Deretter vil eg drøfte resultat, teori og eigne tankar. Til slutt vil oppgåva ha ei avslutning.

2.0 Teori

I denne delen vil eg gjere greie for teoriane eg vil nytte i drøftinga. Her vil ulike omgrep verte utdjupa nærmare. Omgrepa som vert presentert her vil vere relevant som bakgrunnskunnskap.

2.1 Det juridiske grunnlaget for medverknad

Tidlegare var barn underordna vaksne, og det var forventa at eit barn skulle følgje foreldra sine ordre. Barn vart sett på som foreldra eller andre sin eigedom og var eit objekt for dei vaksne sine avgjersler. Dette endra seg då Barnekonvensjonen vart vedteken av FN i 1989, og underteikna av Noreg i 1991. Det vart då slått fast at eit kvart barn er eit sjølvstendig individ

med rettigheitar (Smith, 2012, s. 17-18). Dette førte til at barnet vart framheva som sjølvstendige individ med eigne rettigheitar og har hatt stor betyding for korleis ein ser på og tenkjer om barn. Historisk har det vore to retningar i beveginga for å fremje barn sine interesse, den eine med hovudvekt på beskytting av barn ut frå deira sårbarheit, den andre med vekt på barns evne til å oppstre sjølv. I barnekonvensjonen er begge desse aspekta ivaretakne. Spørsmål som gjeld barn skal ikkje verte avgjort over hovudet på dei, men med påverknad frå barna sjølve (Sandberg, 2012, s. 90).

Eit barn sine rettigheitar, dette med hensyn til barnets rett til å bli høyrd eller å medverke, er regulert i ulike rettskjelder. Eit barn sin rett til å bli høyrd og til å medverke fins i fleire slike kjelder, som Grunnlova §104 og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). I FNs barnekonvensjon kapittel 12, vert det slått fast at avgjersler om barn ikkje skal verte teken over hovudet på dei, men at ei avgjerd skal takast med påverknad frå barnet sjølv. Retten eit barn har til å uttale seg er rekna som eit av dei fire generelle prinsippa i FNs barnekonvensjon (Sandberg, 2012, s. 90). Barnevernlova §1-4 omhandlar barnet sin rett til medverknad og seier at barnet skal få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon og har rett til fritt å gi uttrykk for sine meningar. Barnet skal bli lytta til, og barnet sine meningar skal vektleggjast i samsvar med barnet sine alder og modenheit (Bvl, 2021, §1-4).

Det er dermed lite tvil om at barnet si rettsstilling står sterkt og at eit barn si mening og rett til å bli høyrd i saker som gjeld barnet, er eit svært viktig hensyn å ta.

2.2 Kommunikasjonsteori

Heilt sidan antikken har kommunikasjon som fenomen vore studert. Utviklinga av nye media som radio, TV, telefon og datateknologi og samfunnsutviklinga dette har ført til, har auka interesse for fenomenet (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 21). Denne interessa har vidare ført til ei utvikling av teoriar om kommunikasjon innan mellom anna helse- og sosialfaga (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 22).

2.2.1 Sirkulær modell

I den sirkulære modellen vert det hevdat kommunikasjon er det primære og sentrale for å forstå individet innanfor. Ein seier at vi lever og vert til i møte med andre menneske, og at det ikkje er mogleg å tenkje seg mennesket lausreve frå relasjonane og all kommunikasjonen det

inngår i (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 24). Innanfor den sirkulære modellen vert kommunikasjon sett på som ein dynamisk, pågåande og foranderleg prosess som er både kompleks og kontinuerleg (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 24-25). Motsetninga til den sirkulære modellen, vert å sjå ting ut frå ei lineær forståing, der ein har eit lineært årsak-verknad-prinsipp. Her vil ein leite etter grunnen, skylda og årsaka i situasjonar, framfor å forstå situasjonen som sirkulær, der samspelet mellom to menneske heng saman. Samspel mellom menneske vert forstått og beskrive som sirkulært, og ein rettar blikket mot interaksjon og relasjoner (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 37).

2.2.2 Transaksjonsmodellen

Transaksjonsmodellen er den modellen nyare kommunikasjonsteori byggjer på. Begrepet transaksjon går ut på å setje noko i bevegelse, eller ei utveksling mellom fleire partar (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 23). Transaksjonsmodellen er ein sirkulær modell der utgangspunktet ser på kommunikasjon som eit relasjonelt fenomen, der alle partar er aktive i meiningsdanninga og fortolkinga. I denne modellen ser ein kommunikasjon som eit meir komplisert fenomen der ingen av partane har kontroll over prosessen. Ein ser kommunikasjon som ein sentral del av menneske si erkjenning, og dei primære prosessane i menneskeleg erfaring er kommunikasjon. Menneske blir til i dialog og relasjon med andre, og ein må flytte merksemda frå å forstå mennesket isolert som individ til å forstå mennesket sine grunnvilkår som kommunikative (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 23-24).

2.2.3 Relasjon

Mennesket er eit sosialt vesen som er avhengig av stimulering og innspel frå andre menneske for å kunne utvikle seg kjenslemessig, kognitivt og sosialt (Tjersland et al., 2018, s. 124). Relasjon handlar om det kjenslemessige bandet mellom klient og terapeut (Engøy, 2016, s. 154). Alle menneske er fødde med ei form for det ein kallar relasjonskompetanse. Relasjonskompetanse handlar om å samhandle med og forstå dei menneska ein som profesjonsutøvar møter i yrkessamanheng, på ein god og hensiktsmessig måte. I tilfelle der barnet kjenner seg forstått og barnevernsarbeidaren forstår meir av barnet, oppstår det ei form for tillit, tryggleik og tilknyting. Dersom barnet ikkje opplev seg forstått, kan det føre til ein avstand i relasjonen og negative kjensler. I ein slik situasjon vil det vere utfordrande å kome vidare i relasjonen (Sæthre, 2016, s. 166).

Ein tillitsfull og trygg relasjon mellom behandlar og klient har mykje å bety for utfallet i ei sak (Tjersland et al., 2018, s. 125). For å etablere ein trygg og god relasjon, finns det nokre ulike reiskap barnevernsarbeidaren kan nytte i tilnærminga til barnet:

-*Inntoning og empati*. Det handlar om å bruke alle sansane til å ta imot det den andre kommuniserar både gjennom ord, kroppsspråk og handlingar. Empatisk innleiving vil seie å leve seg inn i korleis det kjennast ut å vere der den andre er. Dette inneber ein sensitivitet for kva som kan ligge bak eit utspel, enten det er i form av uttrykk som provokasjon eller avvising (Tjersland et al., 2018, s. 128).

-*Omsorg*. Å vise ivaretaking og omsorg høyrer til i utviklinga av ein relasjon. Dette inneber å vise at ein bryr seg om barnet (Tjersland et al., 2018, s. 130).

-*Forutsigbarheit*. Det at barnevernsarbeidaren er til å stole på, er ein av dei viktigaste sidene ved relasjonsarbeidet. Forutsigbarheit går ut på at det som skal skje, skjer. Dette skapar trygghet for barnet og er med på å styrke relasjonen (Tjersland et al., 2018, s. 133).

Utviklinga av ein relasjon er ein prosess som tek tid. I barnevernet kan ein gjerne møte sårbare barn og unge som for eksempel har mange brudd i familierelasjonar bak seg. Ofte kan desse barna trenge lang tid på å bygge opp ein trygg relasjon med barnevernsarbeidaren, og dei tronge tidsrammene for kontakta med barn i barnevernet kan gjøre dette utfordrande. Sosialsektoren er i tillegg ofte prega av at hjelparar kjem og går, dette kan føre til at mange barn og unge opplev mange relasjonsbrudd i barnevernet, og det må ofte byggjast opp nye relasjonar igjen (Tjersland et al., 2018, s. 137).

2.3 Samtale med barn

Tilsette i barnevernet er pliktige til å snakke med alle barn dei skal hjelpe, og det er den vaksne som har ansvaret for at samtalane og resultatet av desse gjer barnet sin situasjon betre, og ikkje verre (Mevik & Juul, 2019, s. 217).

Når ein skal samtale i samarbeid med barn, er det nokre viktige faktorar som må vere til stades for at det skal kjennast trygt for barnet å dele. For det første er det viktig at den vaksne er trygg på seg sjølv og framstår som varm og interessert med ein mild måte å snakke på, slik

viser ein og anerkjening. For at det skal opplevast som ekte for barnet, må det vise både i det verbale og det non-verbale språket slik at orda samsvarar med kroppen sine uttrykk. Det betyr mykje for barn å bli invitert av ein trygg vaksen til å dele sine opplevingar og kjensler knytt til smertefulle opplevingar dei har hatt. Dette gjeld også for små barn. I ein slik situasjon vert det viktig for den vaksne å lytte til barnet si forteljing utan å tilføre nye element. Etter at barnet har fortalt vert det viktig å vise barnet at ein vaksen tåle å høyre om, og ikkje minst trur på barnet sin smerte og erfaringar (Mevik & Juul, 2019, s. 220-221).

Ulike samtalar

Ulike samtaletypar kan ha ulike formål. Når ein skal samtale med eit barn er det viktig å tenkje gjennom føremålet med og innhaldet i samtalen. Det er og viktig at samtalane finn stad der det enkelte barn kjenner seg komfortabel og trygg. Her kan det å for eksempel gå ein tur i skogen eller køyre ein biltur medan ein samtalar vere eit betre alternativ for barnet enn å sitje på eit kontor (Mevik & Juul, 2019, s. 222). Vidare vil det verte gjort greie for tre ulike typar samtalar: undersøkjande samtalar, støttesamtalar og rettleiingssamtalar.

2.3.1 Undersøkjande samtalar

Føremålet med ein undersøkjande samtale er at barnevernet skal få nok informasjon til å vurdere barnet sin situasjon og hjelpebehov. I denne situasjonen vil og barnet ha eit behov for informasjon. Barn treng å vite kvifor dei er i kontakt med barnevernet, kva som er hensikta med kontakta, kva som skjer i undersøkjelsesprosessen og kva som vil skje vidare. Dersom barn ikkje vert informert og invitert til å delta i undersøkingsprosessen, krenka ein deira rettigheitar og det kan føre til usikkerheit for barn (Mevik & Juul, 2019, s. 222).

Barnevernsarbeidaren må ha tolmodigheit til å la barnet fortelje sitt perspektiv utan å bryte for mykje inn. Å stille opne spørsmål kan vere ein god strategi, då slike spørsmål vil invitere barnet til å fortelje det barnet ynskjer å snakke om (Mevik & Juul, 2019, s. 222-223).

2.3.2 Støttesamtalar

Støttesamtalar har som føremål å enten hjelpe barnet til å forstå situasjonen det lev i, rydde i tankar, hjelp til mestring i kvardagslivet eller samtalar om vanskelege kjensler, slik at barnet slepp å bære på tunge tankar aleine. Barn som går rundt med vonde og smertefulle erfaringar utan å få moglegheit til å dele desse, vil kunne utvikle både fysiske og psykiske symptom som kan hindre ei sunn og god utvikling. Skyld, skam, sinne og angst kan vere typiske kjensler barna kan bære på. I støttesamtalar har tid stor betyding for barna. At barnevernsarbeidaren

tek seg tid til å treffe barnet fleire gonger, og at dei viser interesse for barna og det dei er opptekne av (Mevik & Juul, 2019, s. 224).

2.3.3 Veiledningssamtalar

I veiledningssamtalar er samarbeid mellom den vaksne og barnet ramma. Partane vil her kome fram til tema og løysningar i eit samspel. Eit eksempel på ein veiledningssamtale er motivasjonssamtalar (Mevik & Juul, 2019, s. 225). Når ein arbeidar med motiverande samtalar, er det tre sentrale forhold som bør vere til stade: Den vaksne og barnet må like kvarandre litt, det må vere høg nok grad av einigheit om kva dei skal gjere saman og god nok grad av einigheit om korleis dei skal kome seg dit (Mevik & Juul, 2019, s. 226).

2.4 Anerkjenningssteori

Anerkjennung kan nyttast som kunnskapsramme innan samtalar med barn. Sosialfilosofen Axel Honneth sin teori om anerkjenning tydeleggjer kompleksiteten ved å skulle praktisere ei anerkjennande haldning og væremåte. Her vert opplevinga av anerkjenning mellom menneske i sosiale fellesskap delt i tre ulike område:

1. Kjærleik. Dette erfarast først og fremst i nære relasjonar. Å oppleve kjærleik og omsorg bidreg til å byggje sjølvtillet. Sårbare barn og unge som har behov for hjelp, treng å kjenne at barnevernspedagogen bryr seg, viser omsorg og at dei vil dei godt i samtalar med dei. Desse elementa er viktige i bygging av ein tillitsfull relasjon (Mevik & Juul, 2019, s. 217).
2. Juridiske rettigheitar. Her meinat Honneth ein må forstå rettigheitar i eit historisk lys, sidan ulike grupper sine rettigheitar har endra seg gjennom historia. Barn har fleire rettigheitar i dag enn for nokre tiår sidan. Barn vil kunne kjenne seg anerkjende dersom barnevernspedagogen legg til rette for at dei skal få medverke, sidan menneske som opplev at deira rettigheitar vert respektert av andre, kan føre til at ein kjenner sjølvrespekt (Mevik & Juul, 2019, s. 218).
3. Sosial verdsetting. Dette er knytt til å vise respekt for andre sine haldningar, meiningar, ferdigheitar, roller og kompetanse. Når menneske opplev seg sosialt verdsatt, kan det bidra til at ein får ei positiv innstilling til seg sjølv, samt at ein byggjer tillit til andre (Mevik & Juul, 2019, s. 218).

3.0 Metode

I mi bacheloroppgåve har eg valgt å bruke litteraturstudie som metode. Litteraturstudie tek utgangspunkt i skriftlege kjelder. Her leitar ein i litteratur og forsking for å avklare begrep og finne teori til å belyse problemstillinga. I ei litteraturstudie byrjar ein med ein litteraturgjennomgang for å orientere seg i tematikken og verte kjend med litteraturen på området (Dalland, 2012, s. 223). Eg valgte å nytte litteraturstudie som metode då eg ser det å bruke allereie eksisterande litteratur som relevant til å drøfte problemstillinga mi. Ved bruk av litteraturstudie vil eg kunne ta for meg eit stort utval informasjon for å skape heilhet og finne fram til ny kunnskap, noko eg ser som positivt med å nytte denne metoden. Tidspersonen for bacheloroppgåva var og ein faktor for valet av metode, då eg tenkte tida ville vere noko knapp for å velje ein metode med ein meir krevjande informasjonsinnhenting.

3.1 Min søkeprosess

Søkeprosessen byrja med nedskriving av inklusjons- og eksklusjonskriterium for kva eg skulle søkje på og ynskte å finne. Å nytte inklusjons- og eksklusjonskriterium vil hjelpe meg å få resultat som er relevante for mi oppgåve.

Inklusjonskriterium

- Fagfellevurdert*, då artikkelen er kvalitetssikra.
- Publisert etter 2010*, då informasjon og forsking før dette kan vere utdatert.
- Norsk*, då eg ynskjer å undersøkje det norske barnevernet.
- Innehalde eit av/kombinasjon av desse orda: medverknad, barnesamtale, samtale, barn, relasjon, barnevern.

Eksklusjonskriterium

- Publisert før 2010*, då informasjon og forsking kan vere utdatert.
- Ikkje truverdig/tvil om truverdigheit*, då informasjon kan vere feil.

Eg byrja med å utføre strukturerte søk i Idunn og høgskulen sin database, Oria. I begge databasane prøvde eg fleire ulike søkeord og kombinasjonar. Både i Oria og Idunn opplevde eg ofte mange treff i kvart søk. For å minske antall treff som kom opp ved søk, slik at eg lettare fekk ei oversikt og kunne lese gjennom artiklane, valgte eg å avgrense søket til å kun leite i artiklar som var fagfellevurdert og gjeve ut etter år 2010. Ved søk som gav mange treff,

valgte eg å lese kun dei artiklane eg såg som relevant for mi oppgåve. Eg opplevde at mange av treffa var like i Idunn og Oria. Fire av artiklane eg såg som relevante for oppgåva mi fann eg i Idunn.

Etter å ha søkt i Idunn og Oria, utførte eg søk i Google Scholar, som er ein database som søker i mange akademiske tidsskriftbasar samtidig. Her søkte eg for å leite etter andre relevante treff enn det eg fekk opp i tidlegare databasar. Eg nytta same søkeord og kombinasjonar som tidlegare, og opplevde her å få svært mange treff ved for eksempel kombinasjonen medvirkning AND barnevern. Då eg fekk så mange treff, valgte eg å kun gå gjennom dei 10 første treffa. Her fann eg ingen artiklar eg ynskte å inkludere. I tillegg til dei nemnde databasane, gjorde eg søk etter relevant informasjon hos Bufdir. I tillegg gjennomførte eg unstrukturerte søk i litteraturlister i fagbøker, for å finne relevant litteratur. Her fann eg litteratur frå Forandringsfabrikken i boka «Barnas barnevern» som eg valgte å inkludere i oppgåva mi. Eg valgte å inkludere denne litteraturen i empirien min då eg ser det som ei viktig stemme frå ein sentral brukarorganisasjon. Skjema med oversikt over søka mine ligg som vedlegg 1 på s. 28-29.

3.2 Utval og kritisk vurdering

Faglitteraturen er med å sørge for linjene bakover, og kan hjelpe oss å sjå samanhengar og utviklingstrekk. Kjeldene må gå gjennom ein prosess for at vi kan sjekke om dei er brukbare eller ikkje. Når kjelda er funne, må ein vurdere den både i forhold til kvalitet og om den er relevant for ditt arbeid (Dalland & Trygstad, 2012, s. 63). Litteraturen eg har valgt å nytte er kritisk vurdert etter beste evne. Ved hjelp av inklusjons- og eksklusjonskriterium har eg gjort vurderingar på om litteraturen er truverdig. I tillegg har eg gått utifrå anerkjende databasar og tidsskrift.

3.3 Begranning for val av artiklar

Artikkelen «*Å samtale med barn i barnevernet er mye mer enn bare å snakke med...*», artikkel 1, er innanfor mine inklusjonskriterium då den er norsk, publisert i 2013 og inneheld fleire av orda eg sökte etter. Eg er ikkje i tvil om truverdigheita, då artikkelen er publisert i eit seriøst tidsskrift. Eg ynskte å finne artiklar som gav eit bilet på korleis medverknad og samtalar med

barn er i praksis, derfor fann eg denne artikkelen relevant. Artikkelen tek for seg erfaringar frå eit kompetanseutviklande prosjekt i praksis.

Artikkelen *Barnet som aktør og kunnskapsbærer*, artikkel 2, er norsk, publisert i 2010 og inneheld fleire av orda eg søkte etter. Artikkelen er fagfellevurdert og publisert i eit seriøst tidsskrift, det er dermed ingen tvil om truverdigheit. Innhaldet i artikkelen er det nyare synet på barn og barndom sett opp i mot barn som aktør i eige liv innan barnevernet. Eg fann dermed artikkelen relevant for mi oppgåve.

Deltaking i barnevernet- ein analyse av ungdomar sine forteljingar i lys av posisjoneringsteori, artikkel 3, er norsk, publisert i 2021 og inneheld fleire av orda eg søkte etter. Artikkelen er publisert i eit seriøst tidsskrift, eg finn dermed ingen tvil om truverdigheita. Eg fann artikkelen relevant for mi problemstilling då den tek for seg unge sine erfaringar knytt til deltaking i barnevernet.

Artikkelen *Relasjonen som plattform i møte med ungdom i barnevernet*, artikkel 4, er norsk, publisert i 2017 og inneheld fleire av orda eg søkte etter. Artikkelen er fagfellevurdert, det er derfor ingen tvil om truverdigheit. Tema for artikkelen er relasjon og medverknad i arbeid med ungdom utifrå Gartnerhaugen sitt teorigrunnlag og arbeidsmetodar. Då artikkelen tek for seg både medverknad og relasjon fann eg den relevant og interessant for mi problemstilling.

I boka *Barnas barnevern* av Forandringsfabrikken, finn ein kunnskap om samarbeid og medverknad frå barn og unge med eiga erfaring frå barnevernet. Eg fann denne litteraturen relevant for oppgåva mi, då eg ser det som viktig å belyse barn si stemme om tema, sidan det er barna sjølve som best kan fortelje korleis dei ynskjer å ha det i samarbeid med barnevernet. Boka er utgjeve i 2018.

3.4 Analyse av resultat

I ei tematisk analyse ser ein etter tema i data ein har funne. Eit tema vil i denne samanheng seie eg gruppering av data med viktige fellestrekk. Kvart tema vert ein kategori, der data med viktige fellestrekk er gruppert, på denne måten skapar ein orden i dataene. Dei ulike tema vil til saman utgjere svaret på forskingsspørsmålet ein starta med (Johannessen et al., 2018, s. 279-230). I den tematiske analysen nytta eg fire steg: førebuing, koding, kategorisering og rapportering (Johannessen et al., 2018, s. 282). I førebuinga fann eg fram til artiklane eg ville

gå utifrå og skaffa meg ei oversikt over desse. Deretter identifiserte eg dei ulike tema som var relevant for mi oppgåve. I kodingsprosessen brukte eg ulike fargar for å markere og kategorisere informasjonen frå artiklane. Deretter samla eg tema frå artiklane og plasserte dei inn i tabellen under for å kategorisere og få ei oversikt over dei ulike tema. I tabellen har eg trekt fram dei tema eg ser som mest relevant for mi oppgåve. Resultatet av denne prosessen vart fire ulike kategoriar/tema som eg vil drøfte i neste kapittel.

	Kven har skrive den?	Korti vart den skrive?	Kva er hovudfunn?
Artikkkel 1	Karin Haarberg Aas	2013	-Barnet som subjekt, ikkje objekt. -Barn deltarar i eiga utvikling.
Artikkkel 2	Bjørn Øystein Angel	2010	-Sentrale føringar, rutinisering og prosedyrar erstattar skjønn= trussel for barn sin medverknad. -Barnevernet sin kompetanse.
Artikkkel 3	Merete Tunestveit, Magne Mæhle, Oddbjørg Skjær Ulvik	2021	-Der relasjon manglar, manglar deltaking. -Stor variasjon i unge sine erfaringar med medverknad.
Artikkkel 4	Veronika Paulsen, Jørn Are Aune, Jan Karle Melting, Otto Stormyr, Berit Berg	2017	-Arbeid med medverknad og relasjon byggjer på tillit.

			-Relasjon- og medverknadsarbeid tek tid, må tilpassast kvar enkelt ungdom.
Forandringsfabrikken	Alexander proff, Glorija proff, Gunnar Toresen, Ida Steinrem	2018	-Vanskeleg for barna å forstå medverknad. -Element som må ligge til grunn.

3.5 Resultat

Eg vil i denne delen gje eit lite innblikk, og ei analyse av innhaldet i artiklane før eg i neste kapittel vil bruke relevant informasjon frå artiklane til å drøfte mi problemstilling.

3.5.1 Artikkkel 1

Denne artikkelen tek for seg eit veiledningsprosjekt der føremålet var å styrke barnevernsarbeidarane sin kompetanse i å samtale med barn som er i vanskelege livssituasjoner. Målet med prosjektet var å bidra til kompetanseutvikling i å snakke med barn i vanskelege livssituasjoner, både retta mot å snakke med fleire barn og å snakke «betre» med det enkelte barn (Aas, 2013, s. 216). Eit av tema artikkelen tek opp er viktigheita av openheit i barnevernet sitt samarbeid med barn og foreldre (Aas, 2013, s. 219). Artikkelen fokuserar og på at ein må ha fokus på barnet og barnet sin situasjon, og viktigheita av å sjå barnet som subjekt, ikkje objekt (Aas, 2013, s. 222).

3.5.2 Artikkkel 2

Artikkelen tek for seg det moderne synet på barn og barndom, at barnet skal bli sett på som ekspert i eige liv. Vidare ser artikkelen på kva dette inneber og korleis ein kan forstå forholdet mellom barnet som aktør og kunnskapsberar, sett i forhold til barnevernet sin profesjonelle ekspertise (Angel, 2010, s. 140). Artikkelen tek for seg tema om barnevernet sin kompetanse og dei ulike kompetansane barnevernet må ha (Angel, 2010, s. 145).

3.5.3 Artikkkel 3

I denne artikkelen finn ein ei analyse av ungdommar sine forteljingar om deltaking i barnevernet, sett i lys av posisjoneringsteori. Artikkelen presenterar narrativ teori og

posisjoneringsteori (Tunestveit et al., 2021, s. 6). Eit av funna i artikkelen handlar om betydinga av ein støttande relasjon for at barn skal kunne delta (Tunestveit et al., 2021, s. 16).

3.5.4 Artikkelen 4

Artikkelen handlar om viktigeita av relasjoner i møte mellom ungdommar og tilsette i barnevernet, og at arbeid med medverknad og relasjon må byggje på tillit mellom ungdom og barnevernsarbeidarar (Paulsen et al., 2017, s. 85). Artikkelen baserer seg på Gartnerhaugen, eit barnevernstiltak for ungdom, sitt teorigrunnlag og arbeidsmetodar (Paulsen et al., 2017, s. 86). Tema i artikkelen er relasjon, korleis ein kan leggje til rette for ein god relasjon og betydinga av ein trygg og god relasjon for ungdommane (Paulsen et al., 2017, s. 94). Dette er alle tema eg ser som svært relevante for mi problemstilling.

3.5.5 Forandringsfabrikken

Forandringsfabrikken nyttar barn og unge sine eigne erfaringar frå barnevernet for å gje ny kunnskap, bevege haldningar og endre praksis hos barnevernsarbeidarar (Toresen et al., 2018, s. 5). Eg finn det relevant å inkludere litteratur frå Forandringsfabrikken, då barna sine eigne stemmer kjem fram her. I boka *Barnas barnevern* finn ein i kapittel 9, «fra medvirkning til samarbeid», litteratur om korleis ein kan leggje til rette for samarbeid med barn. Ein får barna sine eigne syn på samarbeid, samt kva element som må vere til stades for at barna skal få moglegheit til å medverke. Dette er tema eg ser som relevant for mi oppgåve.

4.0 Drøfting av funn

Målet med oppgåva mi er å finne ut korleis barnevernet kan leggje til rette for medverknad for barna dei er i kontakt med. For å utforske denne problemstillinga, vil eg drøfte teoretiske perspektiv presentert tidlegare i oppgåva, med resultat frå mine utvalde artiklar og mine eigne tankar.

4.1 Viktigeita av trygge og gode relasjoner

Viktigeita av ein god relasjon mellom barnet og barnevernsarbeidar er noko som ofte vert nemnd i forbinding med tilrettelegging av barn sin medverknad. Tidlegare i oppgåva vart det forklart at ein trygg og god relasjon mellom barnet og barnevernsarbeidaren er svært viktig for utfallet i ei sak. Faktorar som empati, omsorg og forutsigbarheit vart trekt fram som viktige i relasjonsarbeid (Tjersland et al., 2018, s. 125). I tilfelle der barnet kjenner seg

forstått, kan det føre til tillit og tryggleik for barnet, og omvendt, dersom barnet ikkje kjenner seg forstått vil det ha negative konsekvensar for relasjonsarbeidet (Sæthre, 2016, s. 166).

Artikkelen *Deltaking i barnevernet* peikar og på viktigeita av støttande relasjonar knytt til barn si deltaking. Her kjem faktorar som å passe saman, bli kjend, sett og forstått av barnevernsarbeidaren fram som grunnleggjande for å skape gode relasjonar. I tillegg vert kontinuitet, tid og engasjement peika på som viktig for å kunne skape samarbeid og eit forhold. Det vert i denne artikkelen hevd at relasjon er ein føresetnad for barn si deltaking. I dei tilfella der relasjonen manglar, manglar og deltaking (Tunestveit et al., 2021, s. 16-17).

Å byggje opp gode og trygge relasjonar er prosessar som tek tid. I barnevernet har ein gjerne ofte knapt med tid då beslutningar skal takast, og ein ynskjer å gje barna den hjelpa dei treng så fort som mogleg. Det kan tenkjast at den knappe tida ein får med kvart barn, kan gjere det utfordrande å byggje opp gode relasjonar. I *Relasjonen som plattform i møte med ungdom i barnevernet* vert det peika på at å byggje relasjonar ofte kan ta enda lengre tid for barna ein møter i barnevernet, sidan dei kan ha opplevd mange brot i relasjonar tidlegare og kan ha problem med å stole på folk (Paulsen et al., 2017, s. 88). I barnevernstenester, som på andre arbeidsplassar, er gjerne utskifting av personale noko ein ikkje kjem unna. Tilsette som sluttar i jobben og nye som kjem inn. Dette kan føre til at barna må oppleve fleire bytte av kontaktpersonen sin og kven dei møter på i kontakta med barnevernet. Det kan tenkjast at dette kan vere uheldig for relasjonsarbeidet. Artikkelen *Deltaking i barnevernet* trekk fram at hyppige bytte av kontaktperson i barnevernet, kan ha negative konsekvensar for barna. Slike skift kan for barna opplevast som relasjonelle tap. Bytte av kontaktperson kan vere ein barriere for å utvikle ein relasjon, og dette kan føre til at det vert vanskeleg for barnet å få delta og medverke i det som skjer i sitt eige liv (Tunestveit et al., 2021, s. 16).

Det verkar å vere einigkeit innan både teori og forsking om at gode og trygge relasjonar mellom barn og barnevernsarbeidar, er svært viktig for å få til gode samarbeid. Det kan tenkjast at i tilfelle der barnet har ein god relasjon til, og kjenner seg trygg på barnevernsarbeidaren, vil det vere enklare for barnet å skulle opne seg opp og fortelje. Ein kan tenkte seg at det å skulle opne seg opp om ting ein syns er vanskeleg eller trist til eit menneske ein ikkje kjenner seg trygg på, kan vere både utfordrande og unaturleg for eit barn. Ein kan sjå det som at trygge og tillitsfulle relasjonar er noko som må ligge til grunn for at barnet skal ynskje å fortelje og kome med sine synspunkt, og dermed medverke i kontakta

med barnevernet. Slik sett kan ein tolke det som at relasjon og medverknad heng tett saman og vil påverke kvarandre.

Det kan tenkjast at både medverknadsarbeid og relasjonsarbeid, er prosessar som byggjer på tillit mellom ungdom/barn og den tilsette. Tidlegare i oppgåva har det kome fram ulike tilnærmingar ein som barnevernsarbeidar kan nytte i relasjonsbygging i møte med barn. At ein møter barna med empati, omsorg og forutsigbarheit er blant det som er trekt fram som viktig. Ungdommane i undersøkinga i artikkelen *Relasjonen som plattform i møte med ungdom i barnevernet* understrekar at det er viktig å bli møtt med forståing, og å bli møtt som individ, ikkje som saker. Ungdommane uttrykk at det er viktig for dei å møte barnevernsarbeidrarar som anerkjenn dei ved å lytte til dei, tek vurderingar utan å nedvurdere ungdommane sine meningar, ikkje berre antar at dei veit kva som er deira beste, og som støttar og rettleiar dei i beslutningar. Dei beskriv og at tett oppfølging og kontinuitet i relasjonen er positive element (Paulsen et al., 2017, s. 88). Innanfor både anerkjenningsteorien og teori om relasjon, som presentert tidlegare i oppgåva, finn ein liknande kvalitetar som sentrale, mellom anna å vise omsorg, respekt og leggje til rette for barn sin medverknad.

Artikkelen *Relasjonen som plattform i møte med ungdom i barnevernet* stiller seg kritisk til om det vert lagt godt nok til rette for å skape gode relasjonar i tiltak rundt ungdom/barn i barnevernet. Forfattarane trekk fram manualbaserte metodar som noko som kan vere med på å svekkje ivaretakinga av den enkelte ungdom sin medverknad. Dette på bakgrunn av at oppfølging og tiltak må verte tilpassa ut frå den enkelte ungdom sine behov (Paulsen et al., 2017, s. 94). Også artikkelen *Barnet som aktør og kunnskapsbærer* stiller seg kritisk til at kompetanseutøvinga i barnevernet vert prega av sentrale føringar, rutiniseringar og prosedyrar som ei erstatning for å nytte skjønn. Artikkelen hevdar at dette er ein trussel mot barn sin medverknad (Angel, 2010, s. 149). Det kan tenkjast at manualbaserte metodar og liknande vil stå i vegen for at barnevernsarbeidarane nytta skjønn og tilpassar samtalar og tiltak til kvart enkelt barn. Alle barn er ulike og vil dermed ha behov for ulik hjelp og tilrettelegging. Ein metode kan fungere godt for eit barn, men fungere svært dårlig for det neste barnet. Ein kan sjå det som at å nytte manualbaserte metodar vil kunne hindre barn å medverke, då dei ikkje nødvendigvis vil få den tilrettelegginga som kvart enkelt barn vil ha behov for.

4.2 Kompetanse i barnevernet

Tidlegare i oppgåva vart det gjort greie for omgrepene «barneperspektivet» og «barnet sitt perspektiv», og kva ein legg i betydinga av desse. Ved barneperspektivet tek ein for seg barnet sin ståstad utifrå fagpersonar eller vaksne sin kunnskap om barn eller barn si livsverd. Ved barnet sitt eige perspektiv går ein direkte utifrå barnet sin ståstad med barnet sjølv som informant og kunnskapskjelde (Brottveit, 2022). Dette er to omgrep som omhandlar det same, men som likevel har to ulike betydningar. Denne forskjellen kan tenkjast å vere viktig å hugse på i arbeid med barn. Vaksne som skal tolke barn si verd og kva dei tenkjer er best for barnet, vil nok ikkje alltid stemme overeins med korleis barna sjølve kjenner det. Slik sett kan ein sjå det som problematisk dersom ein tenkjer at barna får medverke ved at dei vaksne nyttar barneperspektivet og kva dei tenkjer barna vil ynskje. Å nytte barna sine eigne perspektiv vil derfor vere viktig i medverknadsarbeid i barnevernet.

Artikkelen «*Å samtale med barn i barnevernet er mye mer enn bare å snakke med...*» har som fokus at ein må sjå på barna som subjekt, ikkje objekt. Her vert det hevdat at ein slik forståingsmåte kan føre til endring i haldningane i barnevernet og måtar å møte barn på (Aas, 2013, s. 222). Det kjem fram at det er behov for å auke og vidareutvikle barnevernsarbeidarar sin kompetanse i å samtale med barn. Å samtale om kjenslemessig vanskelege forhold er ei form for kompetanse som bør vidareutviklast i barnevernet sin praksiskvvardag (Aas, 2013, s. 222-223). Artikkelen *Barnet som aktør og kunnskapsbærer* tek også for seg barnevernet sin kompetanse og kva denne inneber. Her kjem det fram at barnevernet må ha personleg kompetanse, kommunikativ kompetanse, fagleg kompetanse, etnisk kompetanse og forvaltningskompetanse (Angel, 2010, s. 145).

Det kan tenkjast at korleis barnevernsarbeidarane framstår for barna, vil ha mykje å bety for samarbeidet. Dersom barna møter trygge, varme vaksne, kan det moglegvis gjere det meir komfortabelt for dei. Slikt sett kan ein tolke det som at haldningane og kompetansen til kvar enkelt barnevernsarbeidar er svært viktig, og at dette er noko ein bør ha eit bevisst forhold til i arbeidet. Forandringsfabrikken har kome med kunnskap frå barna om kva verdiar dei ser som spesielt viktig at barnevernsarbeidarane har. Desse verdiane er openheit, samarbeid, ydmjukheit og kjærleik (Toresen et al., 2018, s. 54).

Ein kan med dette seie at krava til ein barnevernsarbeidar sin kompetanse er høge og mangfaldige, og at der er mange hensyn å ta. Det kan dermed tenkjast at ein vil ha både behov for og nytte av noko erfaring innan feltet for å bli trygge i rolla som barnevernsarbeidar.

4.3 Kommunikasjon i samtale med barn

Ein kan sjå det som at dersom barnet skal få moglegheit til å medverke, har barnet behov for at det vert lagt til rette for dette. Ein kan sjå kommunikasjon som ein svært sentral del av denne tilrettelegginga. Tidlegare i oppgåva har det vore gjort greie for transaksjonsmodellen, som er ein sirkulær modell. Her vert kommunikasjon forstått som eit relasjonelt fenomen, der alle partar er aktive i meiningsdanninga og fortolkinga (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 23-24). Innanfor den sirkulære modellen vert kommunikasjon sett på som ein dynamisk, pågåande og foranderleg prosess som er både kompleks og kontinuerleg (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 24-25). Utifra ein sirkulær modell kan ein forstå det som at kommunikasjon vert ein prosess mellom barnevernsarbeidar og barn der begge partar vil påverke kvarandre. I møte med barn i barnevernet, har ein ofte eit mål med samtaLEN, og dette kan lett overskygge der barnet er den dagen eller kvar det er kjenslemessig. Her kan det tenkjast å vere viktig å tone seg inn på barnet, og la barnet vere med å påverke samtaLEN.

Ein kan sjå anerkjenning som ein sentral del av kommunikasjonen med barn. Utifra anerkjenningsteorien som presentert tidlegare, kan ein tolke det som at å anerkjenne barna ved hjelp av å vise kjærlek, aksept, omsorg og å leggje til rette for medverknad, vil opplevast som positivt for barna. Ein slik måte å opptre på kan tenkjast å vere med på å gjere det trygt for barnet i samtaLEN, og dermed gjere det enklare for barn å delta.

Det kan tenkjast at barn ikkje alltid vil vere i stand til å forstå kvifor dei må ha kontakt med barnevernet eller kva som i det heile tatt er føremålet med å snakke med barnevernsarbeidaren. Denne mangelen på forståing på kva som foregår, kan tenkjast å vere både utfordrande og skremmande for mange barn. I artikkelen «*Å samtale med barn i barnevernet er mye mer enn bare å snakke med...*» kjem det fram at samtaLEN der ein er klar på kvifor ein har samtaLEN, og kva målsettingane for samtaLEN gjer det tryggare for barn. Her etablerar ein ei felles forståing som utgangspunkt for samtaLEN ved å forklare eller oppklare for barnet kva det handlar om (Aas, 2013, s. 221). Å informere barnet om kvifor samtaLEN skal finne stad og kva ein skal snakke om, kan tenkjast å vere positivt. Dersom barnet får vite

kvifor dei er i kontakt med barnevernet og kva som vil skje framover, kan det nok kjennast tryggare ut for barna.

I artikkelen *Relasjonen som plattform i møte med ungdom i barnevernet* kjem det fram at for å bidra til at ungdommene sine stemmer kjem tydeligare fram, har Gartnerhaugen lagt om måten dei skriv rapportar på. Denne endringa inneber at dei har gått frå «standard» format, der ein skriv *om* ungdommen, til at ein no skriv *til* ungdommen i «eg» og «du»-form. Denne endringa vart gjort på bakgrunn av at barna ikkje skal vere ein person det vert snakka *om*, men *med* (Paulsen et al., 2017, s. 91). Målet med å skrive til ungdommene er at dei skal kjenne seg igjen i det som skrivast, kjenne seg sett og bli meir engasjerte i rapportprosessen.

Gartnerhaugen er også opptekne av at rapportane skal skrivast på ein forståeleg måte og i eit språk ungdommene kjenner seg igjen i (Paulsen et al., 2017, s. 92). Å tilpasse språket kan tenkast å vere viktig når ein er i samarbeid med barn. Barn har gjerne vanskeleg for å forstå ein del kompliserte ord vaksne nyttar, så å snakke med slike ord vil gjerne gjere det utfordrande for barn å forstå. Det vil altså vere sentralt for barnevernsarbeidaren å tenkje over kva ord ein nyttar og korleis ein formidlar informasjon. Det kan også tenkast at å nytte vanskelege ord som barn ikkje kan forstå, kan skape ein avstand mellom barn og barnevernsarbeidar. Dette vil moglegvis kunne svekke moglegheita for å byggje ein god og tillitsfull relasjon.

4.4 Kva seier barna?

For å undersøkje oppgåva si problemstilling best mogleg, er å belyse barna sine eigne stemmer både relevant og interessant. Korleis barna sjølve erfarer medverknad i barnevernet kan vere nyttig kunnskap for barnevernsarbeidarar å ha med seg inn i arbeidet, då det er barna ein har i oppgåve å hjelpe. Forandringsfabrikken har samla kunnskap om medverknad og samarbeid frå barn med eiga erfaring frå barnevernet i boka *Barnas barnevern*. Her har barn uttrykt at dei syns det er vanskeleg å forstå ordet medverknad, og at det tok lang tid før dei faktisk forstod kva det ville seie å medverke. Det kjem fram av fleire prosjekt at barn foreslår at ein heller bør bruke orda «å samarbeide med barn», og at ein samtidig forklarar for barnet kva dette inneber (Toresen et al., 2018, s. 64). Barna er tydelege på kva dei meiner eit samarbeid mellom barn og barnevern bør innehalde:

-*Barnet må få nok og nyttig informasjon.* Å få nok og nyttig informasjon er grunnleggjande for å kunne vere ein del av eit samarbeid, og barna har rett på all viktig informasjon om liva sine (Toresen et al., 2018, s. 65).

-*Barnet må kunne snakke trygt til barnevernet.* Barn må kunne beskrive trygt til barnevernet korleis deira verkelegheit kjennast for dei og kva ynskjer dei har for framtida (Toresen et al., 2018, s. 67).

-*Barnet får vere med og ta beslutningar.* Barnevernet må i alle tilfelle finne ut kvifor barnet ynskjer som det gjer, slik at barnevernarbeidaren kan få ei betre forståing og meir tryggheit for at tiltak og beslutningar vert gode for barnet (Toresen et al., 2018, s. 70).

-*Barnet får bidra i dokumentasjon.* Barnevernet har ansvar for å samarbeide med barn om dokumentasjonen, og barnet sine tankar og meiningar skal kome tydeleg fram (Toresen et al., 2018, s. 71).

-*Barnet får gje tilbakemelding til barnevernet.* For at barnevernet skal kjennast trygt og samarbeidande ut for barn, må barnevernet hente inn tilbakemeldingar frå barn på den hjelpa dei får (Toresen et al., 2018, s. 72).

I artikkelen *Deltaking i barnevernet*, beskriv ein ungdom eit godt samarbeid med ein barnevernsarbeidar der ungdommen vart lytta til, fekk uttrykkje kva han trøng hjelp med og vere deltagande i utforminga av hjelpa (Tunestveit et al., 2021, s. 11). Ein anna ungdom i artikkelen uttrykk at han ikkje fekk vite kvifor han måtte ha kontakt med barnevernet, og beskriv at han ikkje fekk moglegheit til å påverke kva som skulle skje. Her var det verken personleg relasjon eller samarbeid med barnevernet (Tunestveit et al., 2021, s. 14).

Korleis barn opplev medverknad i barnevernet kan tenkjast å variere. Ingen barn er like, og det kan derfor vere ulikt kva som opplevast som godt samarbeid for barna. Nokre barn kan ha vanskelegare å opne seg opp enn andre, medan andre barn kan ha lettare for dette. Utifrå teorien og funn i artiklar som presentert i oppgåva, finn ein likevel fleire faktorar som ser ut til å vere nyttige for mange. Det verkar å vere einigkeit i at ting som å lytte til barna, la dei fortelje og få vere med å ta beslutningar vert sett på som positivt. Ikkje minst det å møte barna som ein trygg, omsorgsfull voksen som vil det beste for barna. Fleire av barna ein vil møte i

barnevernet, har gjerne opplevd mange vonde hendingar i liva sine, og å møte på trygge vaksne er gjerne ikkje ei sjølvfølge for desse barna. Ein kan dermed sjå det som ekstra viktig for barnevernsarbeidarar å tenkje over korleis ein møter barna. Å vise barna at det finns vaksne som vil dei vel og som er til å støle på, vil nok vere ekstra viktig i arbeidet i barnevernet. Dette kan også tenkjast vil kunne bidra i å gjere utføringa av barn sin medverknad betre.

5.0 Avslutning

Gjennom arbeidet med denne bacheloroppgåva har eg lært meir om viktigeita av barn sin medverknad i barnevernet. Eg har lært at det ofte kan vere utfordrande å få til då det er mange element som må ligge til grunn, som blant anna relasjon, tid og kommunikasjon. Arbeidet med å legge til rette for barns medverknad i barnevernet er komplekst, men eg ser det som at tillit mellom barn og barnevernsarbeidar er viktig å ha til grunn. Ved å gjere grundige litteratursøk har eg belyst problemstillinga mi og kome fram til nokre ulike måtar barnevernet kan nytte for å legge til rette for medverknad. Eg har også tileigna meg ny kunnskap. Etter arbeidet med denne oppgåva ser eg fram til å erfare korleis medverknad fungerar i praksis. Eg ser kunnskapen eg har tileigna meg som svært nyttig å ha med meg inn i yrket.

6.0 Litteraturliste

Aas, K.H. (2013). «Å samtale med barn i barnevernet er mye mer enn bare å snakke med...»: Erfaringer fra et kompetanseutviklende prosjekt i praksis. *Norges Barnevern*, 90(4), 212-224. <https://doi-org.galanga.hvl.no/10.18261/ISSN1891-1838-2013-04-04>

Alexander proff., Glorija proff., Toresen, G., Steinrem, I. (2018). *Barnas barnevern: Trygt, nyttig og samarbeidende for barn*. Universitetsforlaget.

Angel, B.Ø. (2010). Barnet som aktør og kunnskapsbærer: en utfordring for barnevernets profesjonelle ekspertise. *Norges Barnevern*, 87(3), 141-151. <https://doi-org.galanga.hvl.no/10.18261/ISSN1891-1838-2010-03-02>

Brottveit, G. (2022). Barnets beste: en fortolkende tilnærming til begrepets betydning i en barnevernfaglig kontekst. *Fontene forskning*. <https://fontene.no/forskning/barnets-best-6.584.865373.0c2189ee2c>

Bvl. (2021). Lov om barnevern (LOV-2021.06-18-97). Hentet fra
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97?q=bvl>

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving* (5.utg). Gyldendal Akademisk.

Eide, S.B (Red.). (2018). Barnevernets begreper- i bevegelse. Ask, T.A. & Eide, S.B., *Innledning* (13-21). Gyldendal.

Eide, S.B (Red.). (2018). Barnevernets begreper- i bevegelse. Schrøder, S.K., *Medvirkning* (81-98). Gyldendal.

Jensen, P. & Ulleberg, I. (2019). *Mellom ordene: kommunikasjon i profesjonell praksis* (2.utg). Gyldendal.

Johannessen, L.E.F. (2018). Hvordan bruke teori?: nyttige verktøy i kvalitativ analyse. Johannessen, L.E.F., Rafoss, T.W. & Rasmussen, E.B. *Tematisk analyse* (278-313). Universitetsforlaget.

Landmark, B (Red.). (2016). Miljøterapi. Engøy, B., «*Hvem er du?*» Å bli utfordret som miljøterapeut og person (147-162). Fagbokforlaget.

Landmark, B (Red.). (2016). Miljøterapi: prinsipper, perspektiver og praksis. Sæthre, A., Å bli likt? *Relasjonsarbeid i praksis* (163-175). Fagbokforlaget.

Mevik, K (Red.). (2019). Barnevernspedagog: en grunnbok. Mevik, K. & Juul, R., *Samtaler og samvær med barn og unge* (215-230). Universitetsforlaget.

Paulsen, V., Aune, J.A., Melting, J.K., Stormyr, O. & Berg, B. (2017). Relasjonen som plattform i møte med ungdom i barnevernet. *Norges Barnevern*, 94(2), 84-94. <https://doi-org.galanga.hvl.no/10.18261/issn.1891-1838-2017-02-02>

Sandberg, K (Red.). (2012). Barnekonvensjonen. Sandberg, K., *Barns rett til å bli hørt* (90-118). Universitetsforlaget.

Sandberg, K (Red.). (2012). Barnekonvensjonen. Smith, L., *FNs konvensjon om barns rettigheter* (17-30). Universitetsforlaget.

Tjersland, O.A., Engen, G. & Jansen, U. (2018). *Allianser: verdier, teorier og metoder i miljøorientert terapi med barn og unge*. (2.utg). Gyldendal Akademisk.

Tunestveit, M., Mæhle, M. & Ulvik, O.S. (2021). Deltaking i barnevernet: ein analyse av ungdomar sine forteljingar i lys av posisjoneringssteori. *Norges Barnevern*, 98(1), 4-19.

<https://doi-org.galanga.hvl.no/10.18261/ISSN1891-1838-2021-01-02>

Vedlegg 1, skjema over mine søk



Fyll inn hvilken database du har søk i, når søket ble utført, hvilke søkeord eller kombinasjoner av søkeord du har brukt og hvor mange treff du fikk. Bruk kommentarfeltet for å si noe om hvordan du har brukt databasen: Har du benyttet databasens emneordsliste? Har du benyttet andre søkefaciliteter?



DATABASE	DATO	SØKEORD/KOMBINASJON	ANTALL TREFF	KOMMENTARER
Idunn	15.04.23	medvirkning AND barnevern	277	Såg etter fagfellevurderte artiklar publisert frå år 2010. Inkluderte artikkelen «Barnet som aktør og kunnskapsbærer»
Idunn	15.04.23	samtale AND barn	6946	Såg etter fagfellevurderte artiklar publisert frå år 2010. Mange treff, såg gjennom dei 20 første artiklane. Inkluderte artikkelen «Å samtale med barn i barnevernet er mye mer enn bare å snakke med...»
Idunn	15.04.23	samtale AND barn AND barnevern	603	Såg etter fagfellevurderte artiklar publisert frå år 2010.
Idunn	15.04.23	barnesamtale	30	Såg etter fagfellevurderte artiklar publisert frå år 2010.
Idunn	18.04.23	relasjon AND barnevern	801	Såg etter fagfellevurderte artiklar publisert frå år 2010. Inkluderte artikkelen «Deltaking i barnevernet» og «Relasjonen som plattform i møte med ungdom i barnevernet»

Google Scholar	18.04.23	medvirkning AND barnevern	4340	Såg etter fagfellevurderte artiklar publisert frå år 2010. Mange treff, såg gjennom dei 15 første. Ingen relevante funn.
Bufdir	20.04.23	medvirkning	141	Leste gjennom dei 10 første, fann ingen relevante artiklar.
Oria	15.04.23	medvirkning AND barnevern	19	Såg etter fagfellevurderte artiklar publisert frå år 2010. Såg gjennom dei 10 første, ingen relevante.
Oria	15.04.23	relasjon AND barnevern	45	Såg etter fagfellevurderte artiklar publisert frå år 2010. Ingen relevante.